
Fra: Frøydis Ones
Sendt: 16. september 2016 16:15
Til: Eilin Houlison Molvik
Emne: SV: 16/22611 Oversending av søknad til uttale - Dispensasjon for oppføring av naust og flytebrygge gbnr 234/99 Eide ytre

Tiltaket ligg i eit LNF område som grensar til sone med særleg omsyn til friluftsliv. Etablering av naust og flytebrygge vil kunne påverke friluftslivet i dette sjøområdet og tilgrensande landområde negativt. Det er i tillegg fleire andre nausttomtar som ligg til den same vika. Ein dispensasjon vil kunne skape presens.

Dersom innstillinga er at det vert gjeve dispensasjon i saka, bør ein vurdere å setje vilkår om fri bruk av flytebrygge m.m. jamfør PMU sak 96/16 i møte 31.08.2016.

Frøydis Ones
Kst. Plan- og utviklingssjef
Planavdelinga
Lindås kommune

Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 24. august 2016 12:49
Til: Frøydis Ones
Emne: 16/22611 Oversending av søknad til uttale - Dispensasjon for oppføring av naust og flytebrygge gbnr 234/99 Eide ytre

Frøydis Ones

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/984 - 16/22611

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

24.08.2016

Oversending av søknad til uttale - Dispensasjon for oppføring av naust og flytebrygge gbnr 234/99 Eide ytre

Saka gjeld søknad om dispensasjon og løyve til etablering av naust og flytebrygge med landgang til eigedom gbnr. 234/99. Naustet er opplyst å ha eit bruksareal (BRA) på om lag 40 m² og bygd areal (BYA) på om lag 42,6 m². Det er opplyst at flytebrygga har måla 2x6 meter, landgangen er ikkje målsett. Tiltaket krev at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet og føremålet bruk og vern av sjø i kommuenplanen sin arealdel, vidare krev tiltaket at det vert gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8.

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3, det har ikkje kome merknadar frå varsla partar.

Eigedom gbnr 234/99 er etablert 02.10.2013 som nausttomt, jf. delingsvedtak i vår sak 2013/98.

Som følgje av korrespondanse mellom kommunen og tiltakshavar er tiltaket redusert for å etterkomme KPA § 2.54 jf § 5.36.

Planstatus

Eigedomen er uregulert i det som i kommuneplanen(KPA) sin arealdel for 2011-2023 er avsett til LNF-føremål. Delar av flytebrygge tangerer og omsynssone friluftsliv.

Dispensasjon

Kommunen si furdering av dispensasjonssøknaden i denne saka vil i stor grad avhenge av høyringsuttalane i saka.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

For øvrige saksdokument og korrespondanse i saka ver venleg å følgje lenke til vår heimeside - innsyn:

http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2016000984&

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kartutsnitt KPA gbnr 234_99

Kartutsnitt orthofoto 2009 gbnr 234_99

Søknad om deling av grunneigedom gbnr 23411 og 13 Eide Ytre. Grunn til naust. (L)(75402)

Tilleggsdokumentasjon

Tilleggsdokumentasjon, søknad om naust gbnr 23499 Eide Ytre Referanse 16984 - 168309

Eitt-steps søknadsbehandling - gbnr 234/99 Eide ytre

Opplysningar om ytre rammer og bygningsspesifikasjon for tiltaket

Søknad om dispensasjon

Nabovarsel

Situasjonsplan

Vedlegg:

Teikningar

Søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar av eigen bustad eller fritidsbustad

Kopi til:

Egil Austbø

Heltveitvegen 19 5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Frøydis Ones

Fylkesmannen i Hordaland

Kjartan Nyhammar

Postboks 7310 5020

Bergen